



Fiskeridirektoratet Region Vest  
Postboks 185 Sentrum  
5804 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1294 - 17/33141

Saksbehandlar:  
Tone Margrethe Berland Furustøl  
tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:  
22.11.2017

## Oversending av søknad om dispensasjon til uttale - Fiskeridirektoratet - gbnr 139/4 Tveiten nedre

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommunedelplanen for Knarvik – Alversund og dispensasjon frå byggjeforbodet i strandsona, jf. pbl. § 1-8 for oppføring av naust, bryggje og anneks samt etablering av tilkomst i naturstein. Eigedomen har namnet Kvamsholmen. I følgje matrikkelen er gbnr 142/18 godkjent etablert i 1845. Eigedomen er på ca. 20 mål. Det er Arkoconsult på vegne av heimelshavar, Eirik Sørensen, som fremjar dispensasjonen.

I uttale frå Bergen og Omland Havnevesen, datert 07.07.2017, vart vi gjort oppmerksom på at søknaden må sendast på høyring til Fiskeridirektoratet. Det er registrert fiskeriinteresser (gyteområde for torsk) i det omsøkte området.

Det vart fatta vedtak i PMU den 13.10.2010 om avslag på søknad om dispensasjon for utlegging av flytebryggje til fritidsbustad gbnr 139/4 Tveiten nedre, vår saksreferanse 2009/2197.

### Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).


**Det bes om at saka handsamas innan 11.12.2017 då saka skal opp til Plan- og Miljøutvalet i møte den 13.12.2017.**

### Planstatus


Eigedomen ligg i område som er omfatta av kommunedelplanen for Knarvik – Alversund . Området er avsett til LNF-føremål.



Utsnitt av kommunedelplanen Knarvik- Alversund



Utsnitt grunnkart



### Tilkomst


Tilkomsten til eigedomen skjer via sjø. Dette er den einaste moglege tilkomststvegen for eigedomen.

### Vatn og avlaup

Tiltaka gjev inga endring til nåverande situasjon.

### Andre høve

Vi har sjekka NIBIO, Norsk institutt for bioøkonomi. 2/3 av Kvamsholmen er markert med mørkegrøn farge. Definert som skog – sær s høy bonitet (markas evne til å produsere trevirke). Gult er registrert som innmarksbeite.



Vi har sjekka Artsdatabanken. Kvamsholmen er registrert med to grønne trekantar for karplanter i form av Harestarr og lyssiv, markert med grøn trekant, LC livskraftig.

Utsnitt av kart frå Artsdatabanken, markert med grønne trekant for livskraftig



Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om dispensasjon - gbnr 139/4 Tveiten nedre  
Søknad om dispensasjon

**Vedlegg:**

IMG\_3807

IMG\_3806

IMG\_3789 – Kopi

IMG\_3788 – Kopi

IMG\_3787 – Kopi

IMG\_3784

REND ANNEKS

REND NAUST

Gbnr 139\_4 Grunnkart matrikkel

Gbnr 139\_4 Kommuneplankart oversikt

Gbnr 139\_4 Kommuneplankart

Gbnr 139\_4 Ortofo 2015

**Kopi til:**

Fiskeridirektoratet Region Vest

Postboks 185  
Sentrum

5804

BERGEN

**Mottakrar:**

Fiskeridirektoratet Region Vest

Postboks 185  
Sentrum

5804

BERGEN